



ULSTEIN KOMMUNE



Retningslinjer for strømming og videoopptak på kommunale idrettsanlegg

Organisasjon og utvikling, teknisk etat og eideomsavdelinga.
Sist revidert 11.02.2026

Sak 25/2945-7- PS saksnr. 35/26

Vedtak i kommunestyret 21.05.2026

www.ulstein.kommune.no



Innhald

1. Formål	3
2. Omfang.....	3
4. Krav til søknad om løyve	4
5. Behandlingsgrunnlag.....	4
6. Samtykke og informasjon.....	4
7. Teknisk utforming og montering	5
8. Lagring og tilgang	5
9. Eigarskap og inntekter	5
10. Andre formål.....	5
11. Internkontroll og revisjon	5

1. Formål

Formålet med retningslinjene er å sikre at strøyming og videoopptak av idrettsaktivitetar på kommunale idrettsanlegg skjer på ein trygg, ansvarleg og lovleg måte. Dette gjeld både offentleg strøyming av arrangement og interne opptak frå trening og kamp.

2. Omfang

Retningslinjene gjeld for alle som utfører strøyming og videoopptak på kommunale idrettsanlegg i Ulstein kommune.

3. Lovverk og behandlingsansvar

All bruk av kamera, lagring og distribusjon av bilde, film og lydopptak skal skje i tråd med:

- [personvernforordninga \(GDPR\) innarbeidd i personopplysningslova](#)
- [åndsverklova](#)
- relevante avtalar og reglar med nasjonale og internasjonale idrettsforbund

Idrettslaget eller arrangøren har det fulle ansvaret for at alt innsamla materiale blir behandla forsvarleg, og at personvernet til utøvarar, publikum og frivillige vert ivaretatt. Strøyming av aktivitetar med deltakarar under 18 år krev ei særskilt vurdering av personvern og tryggleik.

Idrettslaget eller arrangøren blir dermed å rekne som den behandlingsansvarlege, jamfør personvernforordninga artikkel 24.

Strøyminga vil samtidig krevje ei vurdering og godkjenning frå kommunen, noko som gir kommunen eit medansvar. I retningslinjene legg kommunen også fleire vilkår til grunn for behandlingsaktiviteten.

Med bakgrunn i dette ligg det føre eit felles behandlingsansvar mellom idrettslaget/arrangør og kommunen, og det skal gjerast avtale om felles behandlingsansvar mellom partane.

4. Krav til søknad om løyve

Fast montering av kamera, sensorar eller anna teknisk utstyr brukt til strøyming krev skriftleg løyve frå kommunen. Dette gjeld også ved eventuelle endringar og oppgraderingar.

Kommunen kan gi løyve med atterhald og/eller vilkår og gir alle løyve og avslag skriftleg.

Søknaden skal innehalde:

- Kven som skal ha ansvar for strøyminga
- Kva arrangement og aldersgruppe som skal strøymast
- Informasjon om kameramodell og system
- Plassering og dekningsgrad
- Tidsrom for strøyminga

5. Behandlingsgrunnlag

Formål og behandlingsgrunnlag skal alltid vere fastsett før strøyminga kan starte opp. Behandlingsgrunnlaga som vil vere relevante å vurdere er:

- Samtykke (artikkel 6 nr. 1 bokstav a)
- Rettmessig interesse (artikkel 6 nr. 1 bokstav f)

Kommunen gjer denne vurderinga saman med idrettslag/arrangør i samband med behandlinga av løyvet.

[Datatilsynet sin rettleiar](#) vil vere eit godt støtteverktøy her.

6. Samtykke og informasjon

Før eit arrangement blir strøyma, skal deltakarar ha fått beskjed om at det blir filma, kva som blir vist, og korleis opptaka kan bli brukt.

Dei som ikkje ønskjer å bli vist i sendinga, skal kunne reservere seg, så lenge dette let seg gjere i praksis.

Det skal vere godt synleg informasjon på og rundt området der strøyminga skjer, og informasjonen skal innehalde kontaktopplysningar til dei ansvarlege.

7. Teknisk utforming og montering

Kamera skal plasserast slik at dei fangar opp spelet og aktiviteten, men ikkje meir enn nødvendig.

Kamera skal vere fysisk tildekt når dei ikkje er i bruk, der det er praktisk mogleg.

8. Lagring og tilgang

Idrettslaget og/eller arrangør har ansvar for at alle opptak blir lagra trygt med avgrensa tilgangsstyring, og at dei ikkje vert brukt til andre formål.

Opptaka skal ikkje lagrast lenger enn det som er nødvendig for formålet.

9. Eigarskap og inntekter

Ulstein kommune har ikkje eigarskap eller rett til del av inntekter frå strøyming, med mindre anna er avtalt skriftleg mellom partane.

10. Andre formål

Dersom utstyret skal nyttast til andre formål som til dømes overvaking eller større arrangement, skal dette avklarast skriftleg med kommunen, jamfør retningslinjene for kameraovervaking på kommunal grunn.

11. Internkontroll og revisjon

Ansvarleg for strøyming skal årleg evaluere strøymetenesta. Målet er å vurdere om det framleis er behov, om løysinga fungerer godt, og om den er i tråd med gjeldande retningslinjer og lovverk.

Evalueringa bør inkludere eventuelle innspel frå anleggseigar, deltakarar, føresette og publikum.

12. Referansar

Datatsynet: [Rettleiar for strøyming av idrettsarrangement for barn](#)

NIF: [Nye retningslinjer for strøyming i norsk idrett frå NIF](#)